



Ronny Sjurseter

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/220 - 18/25975

Saksbehandlar:

Christian H. Reinhol

Christian.Reinhol@lindas.kommune.no

Dato:

27.08.2018

Referat frå synfaring med naboar til reguleringsplan Hillesvåg bustadområde

Dato: 15.08.2018

Til stades:

Frå kommunen: Christian Hagerup Reinhol, Atle Dingen, Rune Kilen

Frå tiltakshavar: Karl Atle Taule

Naboar: Ronny Sjurseter, Kathrine Molvik, Gunnar Myhr, Else Myhr, Anders Myhr, Odd Martin Eidsheim

Bakgrunn for synfaringa:

Naboane til planområdet har tidlegare i planprosessen fremja ynskje om synfaring for å få ein oversikt over kva konsekvensar reguleringsplanen vil få for deira eigedomar. Synfaringa vart gjennomført no for å informere om kva naboane kan forvente av inngrep som følgje av realiseringa av planen.

Oppsummering av synfaringa:

Tiltakshavar og kommunen orienterte om reguleringsplanen og om forventa framdrift på for dei ulike delane av reguleringsplanen.

- Ved utbygging av bustadområdet som no er regulert, vil det verte etablert fortau om lag fram til garasje på 196/45 og 46 (Kathrine Molvik). Endeleg utforming av avslutning fortau og tilkomst til garasjen vert avklart i detaljprosjektering der utbyggjar, vegvesenet og Molvik må verte einige om løysing. Dialog rundt dette vil starte når utbyggjar går i gang med prosjektering av arbeidet. Kostnadene med tilpassing vil utbyggjar måtte ta på seg.
- Når det gjeld fortau vidare frå innkjøyringa til dei nye bustadane og nordover, vil dette bli realisert når det ligg føre finansiering til fortauet. Per i dag er det ikkje budsjettert midlar til fortau i kommunale budsjett og kommunen kjenner heller ikkje til at det er budsjettert midlar til dette hjå Hordaland fylkeskommune i nærmeste framtid.
- Når det gjeld framtidige inngrep på naboeigedomane langs vegen, vart desse diskutert og informert om. Slik planen ligg føre i dag vil det verte inngrep på eigedomane og ved eventuell oppstart av prosjektering/bygging av den nordlegaste delen av fortauet vil utbyggjar måtte kontakte berørte

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



naboar og finne løysingar der det vert endringar i avkøyrslene. Når dette vil skje i tid er uvisst då det per i dag ikkje ligg føre finansiering av den nordlegaste strekka.

- Det vart diskutert noko omkring mogleg framtidig utbygging på vestsida av fylkesvegen, og kva ein kunne forvente av krav knytt til dette. Ein må forvente at ein ved ynskje om å bygge bustader på vestsida av vegen må lage reguleringsplan og at rekkefølgjekrav knytt til bygging av den nordlege biten av fortauet må utførast her. Ny reguleringsplan vil kunne gjere endringar på vegtrasé og trasé for fortau om ein ser at andre løysingar enn dagens vil vere betre for ei utbygging på vestsida av vegen.
- Den nordlegaste einebustadtomta i reguleringsplan for Hillesvåg bustadområde vil kunne byggast ut utan at rekkefølgjekrav om bygging av fortau slår inn. Denne må ha felles tilkomst med 196/52.
- Generelt for alle eigedomane ved ei utbygging av fortau langs vegen er at utbyggjar må stå for naudsynte tilpassingar og endringar som må gjerast. Ein vil tilbakestille og opparbeide areal som vert berørt etter utbygginga er ferdig.

Dersom det er sentrale tema eller saker som var berørt i synfaringa og som ikkje har vorte omtalt i referatet ber me om ei tilbakemelding på dette slik at me kan ta det inn i referatet. Ronny Sjurseter distribuerer møtereferatet til møtedeltakarane.

Med helsing

Christian H. Reinhol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ing. Taule AS
Ronny Sjurseter

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ